



BIR BEDRIFT AS  
Postboks 164 Blomsterdalen  
5858 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

## Rapport etter tilsyn hos BIR Bedrift AS på Lønningshaugen

### Kontrollnummer: 2024.209.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 5. november 2024 hos BIR Bedrift AS på Lønningshaugen (organisasjonsnummer: 980 277 267).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har manglar ved internkontrollen sin
- Avvik 2: Noko lagra farleg avfall var ikkje merka

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

BIR Bedrift AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 1. februar 2025.

#### De må betale gebyr

BIR Bedrift AS må betale eit gebyr på 30 300 kr for tilsynet.

#### Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2019/5931.

## Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngeving

### Avvik 1: Verksemda har manglar ved internkontrollen sin

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd pkt. 6
- løyve til verksemd etter forureiningslova, sist endra 24.05.2023,
  - o pkt. 2.7 første ledd, jf. pkt. 1 første ledd
  - o pkt. 9.2.2 andre ledd pkt. a og e
  - o pkt. 11.4 tredje ledd pkt. 4
- avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 pkt. 1 underpunkt d

#### Om krava

*Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6*

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift og verksemd jf. § 5 andre ledd punkt 6. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderingane skal det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

*Løyve etter forureiningslova, pkt. 9.2.2 andre ledd pkt. a og e, og avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 1 underpunkt d*

Løyvet set krav om at alt avfall i utgangspunktet skal handterast og lagrast innandørs på tett dekke, med oppsamling av eventuell avrenning. Det vert opna for anna handtering og lagring dersom verksemda kan dokumentere at den valte løysinga gjer minst like låg risiko.

*Løyve etter forureiningslova, pkt. 2.7 første ledd, jf. pkt. 1 første ledd*

Mengda avfall på verksemda sitt område skal ikkje på noko tidspunkt overstige 4 500 tonn, og verksemda plikter å etablere internkontroll for å sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i løyvet.

*Løyve etter forureiningslova, pkt. pkt. 11.4 tredje ledd pkt. 4*

Verksemda skal ha eit program for utsléppskontroll, som mellom anna skal innehalde ei grunngeving for valte prøvetakingspunkt.

#### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

*Nokre tema var ikkje omfatta av risikovurderinga*

Fleire risikomoment er ikkje omfatta av risikovurderinga til verksemda:

- utandørs lagring av trykkimpregnert trevirke
- av- og pålessing av farleg avfall
- mellombels utandørs lagring av klorparafinvindaug

*Utandørs lagring av trykkimpregnert trevirke er ikkje risikovurdert*

Verksemda lagrar trykkimpregnert trevirke utandørs. De har ikkje skriftleg dokumentasjon som viser at valt lagringsmåte gjer like låg risiko og like god miljøbeskyttelse. Verksemda har meldt at dette er under utarbeiding, og vil vere klart innan utgangen av 2024.

### *Manglande dokumentasjon av vurdering av lagringskrav*

Verksemda har teljing av lagerbeholdninga ein gong i kvartalet. Dei vurderer at lagerområdet fungerer som er ei fysisk avgrensing, og at det ikkje ville vere plass til å arbeide dersom dei hadde total lovleg mengd på lager. Dei har vurdert at det er usannsynleg at dei bryt lagringkravet, og at det difor ikkje er naudsynt å etablere ein rask måte å få henta ut augneblinksbilete av mengde lagra avfall. Denne vurderinga er ikkje skriftleg dokumentert.

### *Verksemda mangla skriftleg dokumentasjon for vurdering av prøvepunkt for utslepp til vatn*

Verksemda har etablert eit måleprogram med fem ulike målepunkt som skal danne eit representativt bilete for utslepp frå ulike deler av anlegget. Under tilsynet gjekk det ikkje fram kva for vurdering som låg bak val av prøvepunkt. Verksemda har meldt at dette er under arbeid og vil vere klart innan utgangen av 2024.

## **Avvik 2: Noko lagra farleg avfall var ikkje merka**

**Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

- løyve til verksemd etter forureiningslova, sist endra 24.05.2023,
  - o pkt. 9.2.2 andre ledd pkt. c

### **Om krava**

Alt farleg avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra.

### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

På tilsynsdagen var det nokre av fraksjonane som stod lagra i lukka container som ikkje var merka med innhald, mellom anna eit par IBCar med brennbar væske og ei svart tønne med farleg avfall.

### **Vedtak om gebyr**

Statsforvaltaren vedtar at BIR Bedrift AS må betale eit gebyr på 30 300 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr under tilsynet 5. november 2024, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **De har rett til å klage**

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsettjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tidlegare i vår vart det gjennomført ein nasjonal tilsynsaksjon ved anlegg for mottak av farleg avfall. BIR Bedrift sitt anlegg på Lønningshaugen vart ikkje inkludert i den aksjonen, men dei same kontrolltemaa vart kontrollert under dette tilsynet.

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Mari Katrine Berg-Arnesen
- Toril Marie Mullen

Kontaktperson hos verksemda:

- Anders Haugsvær-Holst

### Anlegg

Anlegget til BIR Bedrift AS på Lønningshaugen, Bergen kommune, vart kontrollert under tilsynet.

### Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- internkontroll, inkl. risikovurdering og rutinar
- utslepp til vatn
- handtering av avfall, inkl. mottakskontroll, lagring og merking og vidarelevering av farleg avfall

### Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren, sist endra 24.05.2024
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

**Innsendt dokumentasjon knytt til krav i løyvet om undersøkingar og utredningar vert følgt opp som eiga sak**

I løyvet, sist oppdatert 24. mai 2023, er det sett krav om undersøkingar og utredningar, jf. punkt 14. Statsforvaltaren har motteke dokumentasjon frå verksemda 27. september 2024, og det vert følgt opp som ei eiga sak.

### **Søknad om endra løyve ligg i sakshandsamingskø**

Verksemda har sendt inn søknad om løyve til auka årleg mottakskapasitet for omlasting av matavfall frå 3000 tonn til 8000 tonn. Statsforvaltaren har for tida mange saker til behandling og lang saksbehandlingstid. Vi vil behandle saka frå dykk så snart som mogleg, men kan ikkje no gje noko tidspunkt for når saka kan bli ferdig.

### **VA-plan for området**

I tilbakemelding frå verksemda 12. oktober 2021, etter tilsyn i 2020, gjekk det fram at arbeid med ein VA-plan for området skulle ha oppstart oktober 2021. Under noverandre tilsyn forklarte verksemda at dei har oversikt over utsleppspunkt og områda, men at det ikkje er formalisert i ein VA-plan der informasjonen er samla. Ein slik VA-plan vil vere til stor nytte i arbeid med utvikling av risikovurdering i samband med handtering av sløkkevatn.

Etter førre tilsyn vart det gitt avvik på at det var sluk i golvet i hallen der farleg avfall vart lagra. Dette utsleppspunktet var no tetta, og ved eit eventuelt utslepp vil kummen i hallen kunne tømmast med verksemda sin eigen sugebil eller tømmast av eksterne firma.

### **De kan kommentere på rapporten**

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### **Rapporten er offentleg**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Toril Marie Mulen  
seniorrådgjevar

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

- Bergen kommune